

Jori Gjelland Lid

# Folkemusikken sin plass i to lærarar si musikkundervising

Bacheloroppgåve i Grunnskolelærerutdanning 1.-7. trinn  
Veileder: Tor Einar Bekken og Anders Aasgaard Madsen  
Mai 2019



Jori Gjelland Lid

# Folkemusikken sin plass i to lærerarar si musikkundervising

Bacheloroppgåve i Grunnskolelærerutdanning 1.-7. trinn  
Veileder: Tor Einar Bekken og Anders Aasgaard Madsen  
Mai 2019

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Fakultet for samfunns- og utdanningsvitenskap  
Institutt for lærerutdanning





## Samandrag på norsk

Denne oppgåva byggjer på problemstillinga; *kva plass har folkemusikk i musikkundervisninga til to musikk lærarar på barneskulen?* For å samla inn empiri har eg fått to musikk lærarar til å skriva eit refleksjonsnotat basert på 11 spørsmål dei fekk av meg. Lærarane vart vald ut frå to barneskular eg har hatt praksis på tidlegare i grunnskulelærarutdanninga. Dataa eg har samla inn analyserer og drøftar eg ved hjelp av teori og tidlegare forskning. Teorien eg har fokusert mest på i denne oppgåva handlar om korleis ein kan legitimera arbeid med musikkfaget generelt og folkemusikken spesielt, i skulen. Via den teorien kan ein lettare seia noko om kva plass og verdi musikk, og folkemusikk, har i dagens skule. Kva som kan ligga til grunne for ulik praksis hjå musikk lærarar har eg ogso sett ein del på.

Kva plass musikk *bør* ha samanlikna med kva plass den *faktisk* har i skulen, har fått mykje merksemd i drøftinga mi. Dette då det er det som har vore mest relevant for å svara på problemstillinga. Ein kan sjå at den nedprioriteringa teoretikarar ser i musikkfaget generelt, ogso er ein realitet for lærarane som har vore med i denne undersøkinga. Ut i frå denne oppgåva kan ein sjå at det er mange grunnar til å arbeida med den norske folkemusikken i skulen, men at det ikkje vert gjort det i noko stor grad. Desse faktorane, i tillegg til kva utdanning og kompetanse lærarane har, har vore utslagsgjevande for å svara på problemstillinga mi. Sidan denne oppgåva er so liten i omfang kan eg ikkje generalisera konklusjonen i noko grad. Men det er interessant å sjå at mine funn handlar om dei same punkta tidlegare forskning tek føre seg.

## English summary

The issue of this bachelor thesis is; *what place has the norwegian folk music in two music teachers in primary schools tuition?* To gather data I asked two teachers to write a reflection note based on 11 questions they got from me. I chose the teachers from two primary schools that has been a part of my practice during my former education. I analyze and discuss the data based on theory and former research. The theory that I have given most focus in this thesis is about how one can legitimize music and folk music as subjects in school today. Through that theory one can more easily say something about what place and value music and folk music has in schools today. I have also had a look at what could lie behind teachers different practices.

What place music *should* have and what place *actually* has in schools today, has been a very big part of my discussion. This because it has been very relevant for the answer to my issue. One can see that both theoreticians and the teachers that has participated in this thesis, observe that music in schools isn't very highly valued. This thesis points at many good arguments to why one should give folk music a place in the tuition. But it also points out that it isn't much used. Additionally the education and competence will influence what the teachers focus on. This is a small thesis so I can't generalize my findings in any way. But it is interesting to see that my data and the theory points at many of the same things.

## Innhold

SAMANDRAG PÅ NORSK .....	2
ENGLISH SUMMARY .....	3
<b>1.0 INNLEIING .....</b>	<b>5</b>
1.1 TEMA FOR OPPGÅVA.....	5
1.2 VAL AV EMNE OG PROBLEMSTILLING.....	5
1.3 TEKSTEN SIN STRUKTUR.....	6
<b>2.0 TEORI.....</b>	<b>6</b>
2.1 MUSIKK I DAGENS SKULE .....	7
2.2 MUSIKALSK PRAKSIS.....	10
2.3 FOLKEMUSIKK I DAGENS SKULEN .....	11
<b>3.0 METODE .....</b>	<b>13</b>
3.1 KVALITATIVT REFLEKSJONSNOTAT.....	13
3.2 RELIABILITET OG VALIDITET.....	14
3.3 UTVAL.....	15
<b>4.0 PRESENTASJON OG ANALYSE AV FUNN .....</b>	<b>16</b>
4.1 FAGET SIN VERDI.....	16
4.2 MUSIKK I UNDERVISINGA.....	17
4.3 FOLKEMUSIKK I UNDERVISINGA.....	18
<b>5.0 DRØFTING.....</b>	<b>19</b>
5.1 FAGET SIN VERDI.....	19
5.2 MUSIKK I UNDERVISINGA.....	20
5.3 FOLKEMUSIKK I UNDERVISINGA.....	21
<b>6.0 SAMANFATTING .....</b>	<b>22</b>
<b>KJELDER:.....</b>	<b>24</b>
<b>VEDLEGG 1 – SPØRSMÅL TIL REFLEKSJONSNOTATET.....</b>	<b>25</b>
<b>VEDLEGG 2 – REFLEKSJONSNOTATA TIL LÆRARANE.....</b>	<b>26</b>
ANITA.....	26
KATARINA.....	27



## 1.0 INNLEIING

### 1.1 Tema for oppgåva

Hovudtema for denne bacheloroppgåva er å sjå på kva plass folkemusikk kan ha i dagens skule. Me lever i eit fleirkulturelt-, mediestyrt, teknologisk samfunn der me kan få tilgang til alt me vil av musikk, meiningar, kunst og kultur frå heile verda. Inntrykka kan ein få servert på sølvfat overalt, anten ein vil det eller ikkje. Via sosiale meida, internasjonale nyhendebyrå og auka reising ligg resten av verda berre eit tastetrykk vekke, bokstavleg talt. Kva plass har vår eigen kultur og våre eigne tradisjonar oppi det heile. Skal ein dyrka sin eigen nasjon sin felles kultur, eller skal ein gje mest rom til det som ein kanskje kan sjå på som felles internasjonal kultur? Kva styrker kan det gje elevane å ha kjennskap til norske folketradisjonar i møte med denne globaliserte, fleirkulturelle verda? Dette er ting eg tykkjer det er viktig å sjå nærare på, og det er difor eg vil skriva ei bacheloroppgåve med tema folkemusikken i skulen.

### 1.2 Val av emne og problemstilling

Musikk har alltid vore ein naturleg del av livet mitt. Kulturskule, kvedargruppe, kor, spelemannslag og tre år på musikklinja har bidrege til at eg har hatt jamn kontakt med mykje ulik musikk opp gjennom åra. Via song, spel og dans i både organiserte og uorganiserte samanhengar gjennom heile oppveksten, er eg vorten sterkt knytt til folkemusikken. Musikken i seg sjølv, og tradisjonane den representerer, fasinerer meg. Over heile Noreg finn me lokale variasjonar av både musikk, tekst og dans, som me til slutt kan samla under omgrepet folkemusikk. Dette er musikk som er vorten vidareført frå spelemann til spelemann og dansar til dansar, i generasjonar. Det er musikk av folket, og det er noko av det som gjer den so spanande. Den kan på mange måtar vera med på å representera ei felles historie, både lokalt og nasjonalt. Det er litt av grunnen til at eg tykkjer den bør ha ein sjølvstøtt og viktig del i undervisinga. For den representerer ikkje berre ein musikksjanger, men nasjonal kultur i evig utvikling.

Når eg no er på veg inn i læreryrket tek eg på meg ei stor oppgåve. Eg skal vera med på å formidla kunnskap til framtida sine samfunnsborgarar. Det skal ikkje berre vera kunnskap som eg personleg verdset, det skal vera kunnskap som staten meiner det er viktig å formidla, kunnskap som er viktig at framtida sine samfunnsborgarar veit noko om. Nasjonale- og lokale læreplanar er her med på å seia noko om kva elevane skal læra seg på skulen. Læreplanane

fungerer som rettingslinjer for vårt arbeid som lærarar. I kunnskapsløftet, som er dagens læreplan, er folkemusikk den einaste sjangeren som er spesifikt nemnt i læreplanen for musikk (Utdanningsdirektoratet, 2016, s. 72-76). Det signaliserer at elevane, etter at dei er ferdige på grunnskulen, skal ha noko kjennskap til folkemusikk. For å ha det lyt det vera aktivitet i klasserommet som er knytt til nettopp folkemusikk. Ragnhild Knudsen peikar i *Allmenn Musikkundervisning* (Sætre & Salvesen, 2016) på problemet ved at folkemusikk kan verka utilgjengeleg og vanskeleg for dei som ikkje ser på musikken som "sin eigen". Folkemusikkmiljøet i Noreg er ofte knytt til lokale grupperingar rundt om kring i landet. Om ein legg det Knudsen seier til grunn, kan ein argumentera for at ein ikkje vil tenkja på folkemusikk som sin eigen om ein ikkje er tilknytt ei slik gruppering. Knudsen seier òg at for dei som ikkje kjenner tilhøyrse til folkemusikken kan det å undervisa i nettopp det vera ein terskel å gå over (Sætre & Salvesen, 2016). Ut i frå problemstillinga; *kva plass har folkemusikk i musikkundervisninga til to musikk lærarar på barneskulen?*, vil eg prøva å sjå på kva folkemusikalsk aktivitet som faktisk finn stad i dagens klasserom.

### 1.3 Teksten sin struktur

For å kunna svara på problemstillinga mi har eg fått to lærarar til å skriva kvart sitt refleksjonsnotat basert på spørsmål frå meg. Desse skal eg analysa og drøfta som mine funn. Presentasjon og analyse av funna, har eg via eit eige kapittel til. Deretter fylgjer ein del der eg drøftar funna mine opp mot problemstillinga i ljøs av relevant teori. Til slutt konkluderer eg med å svara på problemstillinga, summera opp innhaldet i oppgåva og sjå på kva som kunne vore interessant å forska vidare på. Undervegs i teksten vil eg ta føre meg kva som kunne vore gjort annleis, eventuelt korleis eg kunne gjennomført ting på ein betre måte, der dette vil vera aktuelt å diskutera. Før eg går vidare til å sjå på val og grunngjeving av metode, vil eg presentera den teorien eg skal nytta til å svara på problemstillinga mi med.

## 2.0 TEORI

I den komande delen vil eg sjå på teoriar som har hjelpt meg til å kategorisera funna mine og drøfta dei opp mot problemstillinga. Fyrst vil eg sjå på korleis teoretikarar og ulike læreplanar legitimerer musikkfagleg verksemd i skulen. Dette for at eg seinare skal kunna drøfta kva verdi musikkfaget generelt kan ha i skulen i dag, og so kva plass folkemusikk kan ha i det faget. Deretter vil eg sjå på kva som kan ligga til grunne for ulike lærarar sin praksis, og kva som kan vera årsakene for ulik undervisning. Til slutt ser eg på teoriar som tek føre seg korleis

ein kan legitimera arbeid med folkemusikk i dagens skule. Dei ulike teoriane har hjelpt meg til å forstå empirien på ein betre måte, og soleis gjort det lettare å trekkja ein konklusjon opp mot problemstillinga mi.

## 2.1 Musikk i dagens skule

Musikk har vore eitt av undervisningsemna heilt frå dei fyrste forsøka med obligatorisk skule i Noreg på midten av 1700-talet. I byrjinga var song i skulen eit middel for skulen sitt religiøse oppsedingsansvar. Utover 1800-talet vart i tillegg nasjonsbygginga og den nasjonale identiteten ein viktig del av musikkundervisninga (Varkøy, 2015). Her kan ein sjå at musikk har vore ein sentral, og viktig del av undervisninga opp gjennom tidene – men alltid som eit middel for noko anna, eller noko meir enn musikken i seg sjølv. Varkøy (2015, s. 102-103) peikar på to moment som har gjort seg særleg gjeldande i norske læreplanar si legitimering av musikkfaget i perioden 1960 – 2006. Det fyrste han nemner er at ein kan sjå at argumenta som legitimerer musikk i skulen, stadig aukar. Deretter peikar han på at musikken gjennomgåande vert sedd på som eit middel i allmenne pedagogiske og utdanningspolitiske kampar. Varkøy meiner her at den stadig aukande mengda perspektiv på musikken sine verdiar og funksjonar i skulen, er med på å gjera musikkfaget i grunnskulen til ”ein strategi for alt”. Musikken vert, i fylgje Varkøy, i stadig fleire gode pedagogiske og oppsedingsmessige føremål, nytta som eit middel, eit instrument eller ein reiskap. Ein kan sjå at instrumentaliseringa av musikkfaget som eit middel i generelle pedagogiske verksemder, er svært sentral i læreplanane frå 1960 – 1997 (Varkøy, 2015).

Kunnskapsløftet frå 2006 skil seg ikkje radikalt frå dei tidlegare læreplanane, men ein kan sjå ein klår vilje til å villa balansera det instrumentelle med musikalsk oppleving og læring (Varkøy, 2015, s. 107). Dette kan ein blant anna sjå att i føremålsdelen til musikkfagplanen. Der vert det framheva at musikk er ei kjelde til sjølvverkjenning og mellommenneskeleg forståing på tvers av tid, stad og kultur. At faget, gjennom å knyta saman estetikk og teknologi, naturleg vil kunna bidra til arbeid med estetikk og teknologi i andre fag. Skulen sine mål med å utvikla skapande, integrerte og samhandlande menneske som realiserer seg sjølv på ein måte som kjem samfunnet og individet til gode, vert i føremålsdelen trekt fram som styrka av den samla kompetansen innan dans og musikk (Utdanningsdirektoratet, 2016, s. 72-73). Alle desse punkta kan ein sjå på som ei instrumentell legitimering av musikkfaget. Fokuset på musikkopplevinga og musikalsk læring, som Varkøy (2015) trekte fram som noko

nytt i Kunnskapsløftet, kan ein ogso sjå att i føremålsdelen. Der vert det trekt fram at kjennskap og kunnskap om og til musikk, refleksjon om musikk og utvikling av musikalske dugleikar til saman dannar grunnlaget for musikkopplevinga – ”forstått både som estetisk opplevelse og eksistensiell erfaring” (Utdanningsdirektoratet, 2016, s. 72).

Over kan ein sjå at Øivind Varkøy (2015) tek utgangspunkt i Kunnskapsløftet når han argumenterer for at musikkfagleg aktivitet i skulen kan verta legitimert både ut i frå den instrumentelle nytta, men òg ut i frå den musikalske opplevinga og læringa. Vidare vil eg sjå på korleis Ingrid Maria Hanken og Geir Johansen (2013) i boka *Musikkundervisningens didaktikk*, deler legetimeringa inn i tre hovudgrupper; legetimering med utgangspunkt i kulturarva, legetimering med utgangspunkt i individet og legetimering med utgangspunkt i samfunnet. Å gjera kulturarva tilgjengeleg for neste generasjon, og dermed verna den for ettertida, er eit av hovudargumenta Hanken og Johansen nyttar når dei legitimerer musikkfaget med utgangspunkt i kulturarva. Det at musikk som er skapt lenge før vår tid kan røra oss i dag, er utgangspunktet dei tek for denne måten å legitimera musikk i skulen på. Dei meiner her at elevane vil utvikla si allmenndanning og sitt historiske medvit i møte med kulturarva. Dagens musikk er morgondagens kulturarv – og difor kan ein, i fylgje dei, legitimera arbeid med den i dagens skule.

Når Hanken og Johansen (2013) skal argumentera for legitimering av musikkfaget med utgangspunkt i individet, legg dei vekt på våre kjenslemessige opplevingar og vår kjenslemessige utvikling. Filosofen Susanne Langer (1942/1974, som referert i Hanken & Johansen, 2013, s. 167) ser ein likskap mellom forma og forløpet til kjenslene og musikken. Via mønster som spenning og avspenning, einigheit og ueinigheit, stimulering og hurtig forandring, liknar musikken på kjenslene våre. På den måten, meiner Langer, kan musikken vera med på å gje oss innsikt i dei, og bidra til vår kjenslemessige utvikling. I Mønsterplanen frå 1987 står det at musikalske aktivitetar ”uttrykker og binder sammen følelse, tanke og ferdighet” (som referert i Hanken & Johansen, 2013, s. 171). Dette brukar dei som grunnlag når dei argumenterer for at dei estetiske erfaringane musikkpedagogisk verksemd tilbyr, gjev moglegheit for ei allsidig personlegdomsutvikling.

Det siste punktet Hanken og Johansen (2013) diskuterer når dei argumenterer for legitimering av musikkfaget, er samfunnet. I fylgje dei eksisterer ikkje eit samfunn utan musikk, og difor vil det vera nyttig og naudsynt at alle born utviklar sin musikkkompetanse for at dei skal kunna

fungera i, oppretthalda og binda saman samfunnet. Samstundes argumenterer dei for at musikk fungerer som ein verdibærer for mange ulike kulturar. Her meiner dei at musikkundervisinga kan vera med på å utvikla fellesskap på tvers av ulikskap, og forståing og toleranse for andre grupper sitt kulturelle uttrykk. Ved å gjera elevane medvitne på korleis musikk vert nytta i samfunnet, gjennom media, store bedrifter og liknande, kan ein, i fylgje Hanken og Johansen, setja elevane i stand til å frigjera seg frå manipulerande og undertrykkande musikkpåverknad.

Sjølv om både Varkøy, Hanken og Johansen, Kunnskapsløftet og tidlegare læreplanar kjem med mange argument som legitimerer musikken sin plass i skulen, vil ikkje det seia at musikk har ein stor og naturleg del i skulekvardagen. Ulrikka Bergroth-Plur (2013), musikk lærar, dirigent og konsertsjef, kommenterer i sin artikkel at musikkfaget i skulen dei siste åra har utvikla seg til å verta eit ”avbrekksfag”. Ho seier at musikk i dei aller fleste skular vert sett på som eit fag der elevane skal få kosa seg og få ei avveksling frå dei essensielle faga som skal gje elevane den kunnskapen og kompetansen dei treng i livet. Med innføringa av Kunnskapsløftet, nasjonale prøvar og deltaking i PISA, har forståinga av kor vellukka det norske utdanningssystemet, kvar skule, kvar enkelt klasse og lærar fungerer, basert seg på kor vidt ein kan visa til oppnådde mål (Imsen, 2016). Skuleleiarar har eit visst press på seg om å kunna visa til gode resultat til skuleeigarar. Musikk let seg ikkje lett måla i tal og resultat på prøvar. Dette, i fylgje Bergroth-Plur, einsida fokuset på måloppnåing, og mangelen estetiske fag har til å visa til nettopp det, kan vera ei av årsakene til at musikk, og andre estetiske fag, vert nedprioritert i skulen i dag. Ei anna årsak ho peikar på er at mange av lærarane som driv med musikkundervising i skulen ikkje har kompetanse innan faget. I fylgje artikkelen til Bergroth-Plur, kan mangelen på kompetanse føra til at mange lærarar kjenner seg hjelpelause, utrygge og einsame i musikkundervisinga. Lærar som ikkje har trua på seg sjølv i faget sitt, verkar ikkje naudsynt motiverande på elevane, opplever elevane at lærarane meiner eit fag er lite ”viktig”, so er det kanskje ikkje so langt til det vert sanninga, meiner ho. I fylgje Bergroth-Plur kan ein sjå at denne negative spiralen gjer seg gjeldande i norsk skule, sjølv om det finst mange gode argument for kvifor musikk som fag i skulen er viktig og bra. Den danske psykologen og pedagogen Sten Clod Poulsen (som referert i Varkøy, 2015, s. 96) peikar ogso på den låge statusen til kunsten i skulen og samfunnet i dag. Han meiner at årsaka til den svake stillinga ikkje har oppstått grunna ei oppfatning av at kunsten er likegyldig og meningslaus, men heller at den verkar truande på dei sette formene me lever etter, både personleg og politisk.

## 2.2 Musikalsk praksis

Over har eg sett på korleis musikkfaget i skulen vert legitimert med utgangspunkt i nokre teoretikarar og læreplanar. Kva syn kvar enkelt musikk lærar har på faget, og korleis dei legitimerer det, vil påverka korleis deira musikkundervising går føre seg. Vidare vil eg difor prøva å sjå på kva som kan ligga til grunne for ulike praksisar. Thorolf Krüger (1998, som referert i Sætre & Salvesen, 2016) har undersøkt kva som ligg til grunne for musikk lærarar sin ulike praksis. Han fann ut at det ofte er stor samanheng mellom kva læraren vektlegg i si musikkundervising, og deira syn på musikk, menneske, samfunn og kultur. Ein lærar som for eksempel meiner at formidling av kulturarv er eit sentralt aspekt ved musikken vil, i fylgje Krüger sitt studium, kanskje vera oppteken av kva som er definert som ”god musikk”. Ved å leggja til rette for mykje lytting og samtalar rundt den musikken som vert presentert, vil den få formidla, det den ser på som, kulturarva vår. Ein slik praksis kan visa til ein tradisjon innanfor musikkestetikken som vektlegg musikkverket og menneska si oppleving av det. Her vert som regel musikken som objekt meir vektlagt enn mennesket som musikalsk subjekt (Sætre & Salvesen, 2016, s. 18). Innanfor musikkantropologien fann Krüger ein motsetnad til den musikkestetiske tankegangen. Ein lærar som vektlegg samspel, fellesskap, elevane sine preferansar og musisering osv., vil kanskje ha eit syn på musikk, menneske, samfunn og kultur som ligg nærare den antropologiske tankegangen. Der vektlegg dei mennesket, kulturen og konteksten i like stor grad som sjølve musikken, kva som vert definert som ”god” musikk vil for den læraren kanskje ikkje vera so viktig (Sætre & Salvesen, 2016, s. 19). Musikk sosiologien fokuserer på korleis f.eks. born, unge og vaksne nyttar musikk, og kva rolle den spelar i samfunnet. Eit slikt blick kan òg vera nyttig å ha når ein skal reflektera rundt musikkpedagogisk praksis og teori (Sætre & Salvesen, 2016, s. 19).

Krüger såg i si undersøking på forholdet mellom musikk lærarar sitt syn på musikk og deira undervising, Jon Helge Sætre, Tone Ophus og Thor Bjørn Neby (2016) har i sitt studium undersøkt samanhengen mellom musikk lærar sin kompetanse og deira val av undervisningsinnhald. Dei referer til Hallam et. al (2009) og de Vries (2013) når dei seier at lærarar med lite formell utdanning, ofte nyttar seg av song og lytting i si undervising. Og at det å kjenna seg trygg på eitt, eller fleire instrument, er nært knytt til deira sjølvtiltru som musikk lærarar. Studiet til Sætre, Ophus og Neby viser at ein på barneskulen i mykje større grad finn allmennlærarar som underviser i musikk, medan det på ungdomsskulen er overvekt

av faglærarar. Når dei snakkar om allmennlærarar so meiner dei lærarar som har mindre enn 60 stp. i musikk, eller ikkje noko fordjuping i faget i det heile. Dei ser òg at dei som har meir enn 60 stp. i faget oftare identifiserer seg som musikarar, enn dei med mindre. Vidare peikar dei på at lærarar på barnetrinnet ofte vurderer seg sjølv som lite kompetente på spesielle musikalske felt som gehør, instrumentdugleik, musikkteori, bladlesing osv. Medan songdugleik, klasseleiing og formidling av engasjement for faget, heller er kompetansar dei meistrar i stor grad. Ein samanheng mellom lærarane si formelle utdanning og deira val av undervisningsinnhald kjem til syne i det same studiet. Der finn dei at dei mest utbreidde metodane på barneskulen er synging, anten til CD, acapella eller til akkompagnement av læraren, dans, songleikar og rørsle til musikk, og lytting planlagd av læraren. Musikkhistorie, sjangerforståing, rytmisk orienterte aktivitetar og andre område som vert forbunde med høgare musikalsk kompetanse (de Vries 2011, 2013; Hallam et. al, 2009, som referert i Sætre, Ophus & Neby, 2016), finn ein lite av på barnetrinnet, i fylgje dette studiet.

### 2.3 Folkemusikk i dagens skulen

No har eg sett litt på kva som kan vera med på å legitimera musikkfaget i skulen, og nokre faktorar som kan vera med å påverka korleis lærarane underviser i musikk. Både desse innfallsvinklane kan vera med på å gje eit grunnlag for å diskutera kva plass musikk har i skulen i dag. Vidare vil eg sjå på kva som kan vera med å legitimera arbeid med folkemusikk i skulen. Som nemnd i innleiinga mi kan folkemusikk verka litt utilgjengeleg for ein musikk lærar som ikkje har noko direkte kjennskap til sjangeren (Sætre og Salvesen, 2016). Norsk folkemusikk har ein sentral plass i Kunnskapsløftet, og den vert nemnd i kompetansemåla under fleire punkt etter 4., 7. og 10. årssteg. Ein kan tilnærma seg folkemusikk på ulike måtar. På den eine sida kan ein læra om tidlege former og funksjonar til musikken, då kan ein sjå på folkemusikken som eit historisk fenomen – ein lærer noko om korleis folk uttrykte seg musikalsk før i tida. På den andre sida vil det vera viktig for elevane å få eit inntrykk av korleis folkemusikk vert brukt i levande musikk- og dansemiljø rundt om kring i Noreg i dag. Det er kanskje nettopp difor det er so viktig at elevane får kjennskap til denne musikken, fordi den er, og har vore, ein del av kulturen vår (Sætre og Salvesen, 2016, s. 126). Når det gjeld folkemusikk som kulturarv kan ein argumentera for at tradisjonane som ligg bak musikken, er ein like viktig del av kulturarva som sjølve musikken og dansen åleine. Sjølv om ein no finn mange innspelningar, filmar og noteringar av folkemusikk og folkedans, er framleis den tradisjonelle måten; å læra ved å herma, veldig levande og viktig å ta vara på.

Ein kan difor knyta arbeid med folkemusikk i skulen opp mot formidling av kulturarva vår, som er eit syn på musikkfaget eg presenterte i førre del.

Ragnhild Knudsen (i Sætre og Salvesen, 2016) refererer til Store Norske Leksikon sin definisjon av kva folkemusikk er. Dei framhevar blant anna at det er den musikken som ei folkegruppe ser på som *sin eigen*. Funksjonen folkemusikk har som identitetsmarkør, trekkjer Knudsen fram som eit viktig trekk når ein skal definera kva folkemusikk er. Ho ser på alle dei mangfaldige diskusjonane om korleis ein best skal ivareta musikken, og kva stiltrekk som er mest ”rette”, som teikn på kor viktig musikken er for identitetsskapinga, ikkje berre personleg, men òg for heile samfunn. Ein kan altså argumentera for at arbeid med folkemusikk vil vera viktig for at elevane skal få ein kjennskap til korleis musikken har vore med å påverka utviklinga av samfunnet me lev i, og korleis den kan vera med på å utvikla det framtidige samfunnet. I fylgje Even Ruud (som sitert i Varkøy, 2015, s. 94) kan musikkfaget vera med på å styrka elevane si tilhøyrse, utvikla deira identitet og fremja toleranse – ein kan lett vidareføra dei punkta til folkemusikken spesielt. Her kan ein altså sjå at arbeid med folkemusikk i skulen ogso kan legitimerast med utgangspunkt i både samfunn og identitet, i tillegg til kulturarva, som eg snakka om i førre del.

I innleiinga mi viser eg til Ragnhild Knudsen som seier at folkemusikken kan verka utilgjengeleg for dei lærarane som ikkje ser på musikken som sin ”eigen”, og difor unnlèt fleire å undervisa i det. Knut Olav Mygland (2018) skildrar det same problemet i sin artikkel. Han peikar på at folkemusikk på mange måtar står sterkt i Noreg med si eiga riksscene, eiga utdanning på musikkhøgskulen, landskappleik osv., men at folkemusikken har flytta seg frå å vera folket sin musikk til å verta ein slags elitemusikk. Han meiner at det, i kombinasjon med Knudsen si framstilling av problemet med å ikkje kjenna tilhøyrse til musikken, er grunnar til at folkemusikken får lite plass i skulen i dag. Det var ikkje før etter 30 år som barneskulelærar at Mygland byrja å undervisa i folkedans sjølv. Då oppdaga han at både han og elevane hadde stort utbytte av undervisinga. Både i glede, meistring og kulturellforståing. På grunnlag av det meiner han at det er viktig at born og unge i dag vert introduserte for sine lokale folkedans- og –musikktradisjonar, då han meiner at det er lettare å leva saman med ulike folkegrupper og tradisjonar om ein er trygg på sin eigen kultur. Som nemnd over ser Hanken og Johansen (2013, s. 172) ogso på det å ha kjennskap til sin eigen kultur som viktig for å lettare skapa toleranse for andre kulturar i det fleirkulturelle samfunnet.



### 3.0 METODE

I denne delen av teksten vil eg presentera den metoden eg nytta for å samla inn empiri til oppgåva mi, og grunngje kvifor eg valde nettopp den metoden. Eg vil òg sjå på andre aspekt ved metodevalet mitt som har påverka arbeidet med oppgåva mi.

#### 3.1 Kvalitativt refleksjonsnotat

Ein kan sjå på skulen som ei miniatyirutgåve av samfunnet me lev i. I skulen er det visse lovar og reglar ein må fylgja, ein har visse plikter ein må gjera og godar ein får – akkurat som i samfunnet elles. Når ein då skal forska på det som skjer i skulen er det naturleg å nytta seg av samfunnsvitskapelege metodar. Samfunnsvitskapelege forskingsmetodar handlar om korleis ein hentar inn informasjon om den sosiale røynda og korleis me analyserer den informasjonen. Det interessante å sjå på når ein nyttar slike metodar, er kva den informasjonen me innhentar fortel oss om samfunnsmessige forhold og prosessar (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 16). Når ein skal gjennomføra ei undersøking er val av metode sentralt for kva informasjon ein får ut av den. I samfunnsforskning skil me mellom to metodar som gjer seg mest gjeldande, kvantitativ og kvalitativ forskning (Christoffersen & Johannessen, 2012). Kvantitativ metode kan f.eks. vera eit spørjeskjema som eit stort tal elevar skal svara på. Alle får dei same spørsmåla, i ei fastsett rekkjefylgje, med svaralternativ som er govne på førehand. Ein kan altso seia at kvantitative metodar er lite fleksible. Fordelen med ein lite fleksibel metode er at ein kan samanlikna svara på tvers av grupperingar og samanhengar (Christoffersen & Johannessen, 2012). Kvalitative metodar baserer seg på opne spørsmål som gjer at informanten står fritt til å svara på spørsmåla med eigne ord. Når ein får svara på spørsmål med eigne ord, får ein òg høve til å utdjupa svara sine i større grad enn ein kan i ei kvantitativ undersøking (Christoffersen & Johannessen, 2012). Når ein nyttar ein kvalitativ forskingsmetode legg ein som regel meir vekt på å forstå empirien, heller enn å forklara den. Ein har ein nærare og meir open relasjon til informantane sine, og ein samlar inn data i form av skriven tekst. Kvalitative metodar legg òg vekt på å tolka informanten si oppleving og meiningsdanning, og kva slags konsekvensar meiningar kan ha (Tjora, 2018, s. 12).

Sjølv om det er nokså klare skilje mellom kvantitativ og kvalitativ metode, kan det finnast grader av kor kvantitativ eller kvalitativ ei undersøking er. Ein kan òg laga éi undersøking som kombinerer dei to metodane (Christoffersen & Johannessen, 2012). Mi problemstilling

tek utgangspunkt i kva for ein plass folkemusikk har i musikkundervisinga til dei to lærarane. Det var difor viktig for meg å få informasjon om deira arbeidsmetodar og haldningar då eg skulle samla inn empiri. Difor valde eg å samla inn informasjon via eit refleksjonsnotat lærarane skreiv. Refleksjonsnotatet tok utgangspunkt i 11 spørsmål som eg hadde formulert i forkant. Det vil seia at dei to lærarane fekk dei same spørsmåla, i den same rekkjefylgja, utan høve til å tilpassa spørsmåla undervegs, som er eit trekk ved kvantitative metodar. Men spørsmåla som var stilt var opne, og gav rom for at lærarane kunne nytta sine egne ord og erfaringar til å svara på dei. Ein kan altså seia at deira subjektive opplevingar og meiningar vart kommunisert gjennom den skrivne teksten, som er eit kjenneteikn på ein kvalitativ metode. Dermed kan ein sjå på mitt val av metode som ein kombinasjon av ein kvantitativ og kvalitativ metode.

Med den problemstillinga eg har kunne det kanskje vore like naturleg å nytta intervju, som refleksjonsnotat, som metode. Då hadde eg hatt høve til å tilpassa spørsmåla og be intervjuobjekta om utdjuping etter kvart i intervjuet. Om eg hadde gjort det kunne eg kanskje ha sutte att med ei større forståing av tankane og meiningane til lærarane enn eg gjer no, når det einaste eg har er deira nedskrivne tankar. På nyåret kom det nye lover for personvern frå datatilsynet, dei krev blant anna at du sender inn ein søknad om å få ta opptak av intervju til forskingsbruk. Ein slik søknad treng ganske lang behandlingstid og skulle vore inne før jol, altså før mitt arbeid med denne oppgåva tok til. Det vil seia at om eg skulle ha intervju som metode, måtte eg ha notert samstundes som eg gjennomførte intervjuet. I etterkant av intervjuet måtte eg ha sett av godt med tid til å få eit grundig notat av intervjuet før det hadde gått i gløymeboka. Å gjennomføra eit intervju på denne måten ville ha kravd ein del meirarbeid for meg enn eit refleksjonsnotat skrive av lærarane gjorde. Difor valde eg å innhenta empiri på denne måten.

### 3.2 Reliabilitet og validitet

Når ein skal vurdera kor gyldig empirien ein har samla inn er, snakkar ein om reliabilitet og validitet. Reliabilitet handlar om kor pålitelege funna frå undersøkinga er. Det kan ein definera ut i frå korleis data vert samla inn, kva data som vert nytta og korleis det vert omarbeida. Dataa me samlar inn er bilete av den røynda me forskar i. Eit viktig spørsmål er då kor godt dei funna representerer fenomenet me forskar på, det kallar me validitet (Christoffersen & Johannessen, 2012). Målet mitt med denne undersøkinga er å sjå på læraren

sine tankar rundt folkemusikk i skulen. Difor gjekk eg direkte til lærarane og fekk dei til å svara på spørsmål eg meinte var viktige for å kunna svara på problemstillinga mi. Ein kan difor argumentera for at undersøkinga er reliabel, då den hentar inn informasjon direkte frå dei eg vil undersøkje.

Når ein skal sjå på om undersøkinga mi er valid, må ein sjå på metoden som er nytta og spørsmåla som er stilt. For å undersøka kva plass folkemusikk har i undervisinga til dei to musikk lærarane, kunne eg ha fått dei til å greia ut om berre den eine faktoren. I staden for valde eg å spørja litt fleire spørsmål som dreia seg kring korleis dei utfører sitt arbeid som musikk lærarar, og deira syn på folkemusikk og musikk som eit skulefag. Validitet handlar om; ”relasjonen mellom det generelle fenomenet som skal undersøkes, og de konkrete dataene” (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 24). Det konkrete fenomenet eg skal undersøkje er kva plass folkemusikk har i musikk lærarane si undervising, og svara eg har fått er med på å gje meg eit bilete av nettopp det. Ein kan difor argumentera for at undersøkinga mi er valid. Thorleif Lund (1996, som referert i Christoffersen & Johannesen, 2012, s. 24) understrekar at validitet ikkje må sjåast på som noko absolutt, men som eit kvalitetskrav som kan vera tilnærma oppfylt.

### 3.3 Utval

Når eg skulle få tak i informantar til oppgåva mi var eg interessert i å koma i kontakt med lærarar som hadde musikk som eitt av sine undervisingsfag, eg såg ogso helst at dei hadde hatt musikk som ein del av lærarutdanninga si. Ein kan difor seia at eg gjorde eit homogent, kriteriebasert utval. Eit homogent utval vil seia at ein vel informantar med lite variasjon ut i frå eit sentralt kjenneteikn, her; at dei underviser i musikk. Når utvalet er eit kriteriebasert utval består det av informantar som fyller visse kriterium, her; at dei er lærarar, har musikk som ein del av utdanninga si og at dei underviser i musikk (Christoffersen & Johannessen, 2012). Eg enda opp med to informantar, som båe har vore mine praksislærer gjennom lærarutdanninga. I forkant tok eg ein prat med båe to der eg informerte litt om tema og problemstilling på bacheloroppgåva mi. Dette gjorde eg både for at dei skulle få litt innsikt i kva dei sa ja til å vera med på, men òg for at dei skulle vera litt budd kva dei kunne skriva. Grunna avgrensa tid til rådigheit i arbeidet med denne oppgåva, haldt eg meg til to informantar, sjølv om det er vanleg med rundt 10 i ei kvalitativ undersøking. I denne oppgåva har eg anonymisert informantane ved at eg har unnlata å inkludera sensitiv informasjon som

kvar dei jobbar, kjønn og alder, i teksten har eg gove begge informantane nytt namn slik at eg lettare kan referera til ein bestemt informant, utan å avsløra identiteten deira.

## 4.0 PRESENTASJON OG ANALYSE AV FUNN

Dette kapittelet vil eg nytta til å presentera og analysera funn frå refleksjonsnotata lærarane skreiv. Eg vil fokusera på dei funna eg tykkjer er mest relevante for å svara på problemstillinga mi, men alt lærarane skreiv i notata sine har vore viktig for at eg skal kunna danna eit heilskapleg inntrykk av utsegnene deira. Sitata eg referer til i denne delen av teksten kan ein finna i sin heilskap i vedlegg 2, refleksjonsnotata frå lærarane.

### 4.1 Faget sin verdi

Når eg utarbeida spørsmåla refleksjonsnotatet skulle basera seg på var det viktig for meg å få fram kva eigenverdi lærarane tykte faget hadde, eg stilte difor konkret spørsmål til det. Formålet med spørsmålet mitt var å kartleggja kva verdi lærarane tykte faget hadde, i seg sjølv, men svara tyder på at båe lærarane tolka det som kva verdi dei tykte det har i ljøs av føringar frå skuleleiing og staten. Ut i frå svara deira kan det sjå ut som om båe lærarane meiner at faget får lite plass i undervisinga, at det vert via lite midlar til fornying av utstyr, og at det er eit teikn på at faget har låg verdi. Anita formulerer det slik; ”I mi tid på skolen har dessverre musikken fått mindre innpass i skolen. Musikkromma som før bugna av rytmeinstrumenter, gitarer osv. er mer eller mindre borte her, og det blir satsa mindre internt på faget. Jeg synes dette er ei trist utvikling fordi klassen mister mye av den musikalske glede i hverdagen”. At det vert via lite tid og pengar til faget, ser Anita på som eit teikn på at musikkfaget ikkje har noko høg verdi frå skuleleiinga si side. Når ho seier at denne utviklinga er trist, kan ein lesa det som at ho meiner at faget har ein viktig plass og verdi i undervisinga, og at ho meiner at elevane går glipp av mykje kunnskap ved at faget vert nedprioritert. Dette synet på musikkfaget kan ein òg sjå att når ho svarar på kva viktig føremål ho tykkjer faget har; ” kulturformidling og musikkglede”. Katarina svarte på det same spørsmålet slik; ”De siste åra føler jeg at musikkfaget har blitt nedprioritert i skolen. Dette på lik linje med de andre praktisk-estetiske faga”. Katarina svarer òg at ho tykkjer faget har vorte nedprioritert dei seinare åra. Ein kan lesa denne utsenga som at ho meiner at det er frå eit styrande hald, staten eller skuleleiinga, faget vert nedprioritert, og at det dermed har ein låg verdi i skulen. I motsetnad til Anita seier ikkje Katarina noko direkte om ho tykkjer det er negativt eller ei. På

spørsmål om kva viktige føremål faget har, svarar ho at; ”det å kunne gi elever musikkglede. [...] og oppleve at de mestrer det. Vi har også et ansvar for å videreføre gamle sangtradisjoner til elevene. Det er jo en del av vår kulturarv”. Det kan ein sjå på som at Katarina verdset faget på ein positiv måte, og at ho difor ikkje likar det ho opplever som ei nedprioritering av faget.

## 4.2 Musikk i undervisinga

Ein del av refleksjonsnotatet lærarane skreiv dreier seg om korleis dei nyttar nasjonale og lokale læreplanar, og korleis dei planlegg musikkundervisinga si. Anita seier dette om planlegging av musikkundervisinga si; ”Vi jobber litt mer i bolker tilknytta samlingsstunder, og de planlegger vi ut i fra temaene som samlingsstundene har”. At det er temaa på samlingsstundene som styrer innhaldet i musikkundervisinga kan tyda på å at kunnskapsløftet og læreplanar ikkje nødvendigvis vert flittig nytta i planleggingsprosessen. Katarina svarar på det same spørsmålet slik; ”Vi har en årsplan som er utgangspunkt for musikkundervisinga. På de ulike trinna har vi også ulike oppgaver som krever musikalske innslag [...] jule- og sommeravslutning m.m. De ulike oppgavene styrer en del av månedsplanlegginga”. Her kan ein sjå at ogso Katarina planlegg musikkundervisinga si ut i frå ulike hendingar og oppgåver klassen har i løpet av året, men at ho òg har ein årsplan som ho tek utgangspunkt i.

Ogso på spørsmål om nytte av læreplan i undervisinga svarar lærarane nokso likt. Anita seier at; ”Vi bruker de nasjonale læreplanene, og vi har jo et samarbeid med musikkskolen som er med å bidrar til musiseringsbiten med sin kunnskap og sine instrumenter tilgjengelig”. Medan Katarina på si side seier at; ”Årsplanen er laga med utgangspunkt i læreplanen, og kompetansemåla i læreplanen danner utgangspunkt for det vi arbeider med i faget. Vi har også en del lokale musikkspill som vi selvfølgelig har lagt inn i undervisninga”. Her kan ein sjå at begge seier at undervisinga deira tek utgangspunkt i læreplanen og kompetansemåla, men dei seier ikkje noko om i kva grad dei nyttar læreplanen som utgangspunkt for undervisinga si. Ein kan òg sjå at lærarane legg litt av undervisinga si hendene på aktørar utanfor skulen, som musikkskulen og lokale musikkspel. På spørsmål om kva hjelpemiddel ho nyttar i undervisinga si svarar Anita at ho berre nyttar Korarti. Ein kan kanskje då stilla spørsmål til kor vidt det stemmer at ho nyttar læreplanen som grunnlag for undervisinga si, for kan ein nå alle måla i kunnskapsløftet om ein berre fokuserer på song? I motsetnad seier Katarina at ho bla. nyttar Korarti, ukulele, gitar og ulike rytmeinstrument, det kan gje eit meir truverdig inntrykk av at ho kanskje i større grad baserar undervisinga si på læreplanen. Når

ein snakkar om deira planlegging av musikkundervisinga kan det òg vera interessant å sjå på deira musikalske bakgrunn, som er nokso lik. Begge har musikk som eit av faga sine frå lærarskulen, og begge har vore aktive i kor og korps – både som unge og vaksne. På spørsmål om kvifor dei underviser i musikk svarar Anita; ”jeg liker å undervise i musikk fordi her får du se helt andre sider av elevene dine. Her kan elever som ellers sliter blomstre fordi praktisk estetiske fag passer dem bedre”, og Katarina; ”jeg [...] pleier stort sett å ha musikkundervisinga når jeg har klasser på småtrinnet. Jeg synes musikk er et fint fag å undervise de yngste i. Når elevene kommer på mellomtrinnet føler jeg at jeg ikke har god nok faglig musikk-kompetanse til å gi elevene god nok undervisning i faget”.

### 4.3 Folkemusikk i undervisinga

Om folkemusikk spurde eg lærarane kva verdi dei tykkjer det har i dagens skule, og korleis dei vil definera kva folkemusikk er. Båe lærarane definerer folkemusikk som tradisjonsmusikk. Anita framhevar typiske instrument som vert nytta, medan Katarina fokuserer på at mykje av musikken har ukjent opphav og komponist. Når det kom til kva verdi folkemusikk har i skulen kan me sjå litt ulike svar hjå dei to lærarane. Anita seier at; ”Folkemusikk er en del av kulturarven vår så den er viktig å ta vare på, men den har ikke veldig stor verdi i skolen”. På det same spørsmålet skriv Katarina; ”Kanskje har folkemusikken tapt litt terreng i forhold til de mer ”moderne” sjangerne. Vi som underviser i musikk kan nok bli flinkere til å framheve folkemusikken og la elevene bli kjent med den norske musikktradisjonen”. Her kan ein sjå at begge lærarane knyter verdien til folkemusikken som fag opp mot kulturarv og norske musikktradisjonar. Katarina framhevar at det er alle musikk lærarar sitt ansvar å nytta den musikken i undervisinga slik at elevane kan verta kjend med den. Når Anita seier at folkemusikken ikkje har noko stor verdi i skulen kan ein tolka det som at ho meiner at den ikkje vert via noko stor plass eller merksemd i skulen.

Det siste spørsmålet til refleksjonsnotatet dreier seg konkret om lærarane har nytta nokre undervisningsopplegg i folkemusikk. Der svarar Anita at ho ikkje har gjort det, medan Katarina ikkje svarar på spørsmålet i det heile – som ein kan sjå på som ein indikasjon på at ho ikkje har gjort det. Sjølv om begge to seier at folkemusikken er viktig for å ta vara på kulturarva og musikktradisjonane våre, kan me sjå her at dei ikkje nyttar det i si eiga undervising.

## 5.0 DRØFTING

I denne delen vil eg ta føre meg funna mine og teorien eg har presentert tidlegare og sjå dei i ljøs av kvarandre. På den måten vil eg sjå om det innsamla datamaterialet kan hjelpa meg til å svara på problemstillinga mi; *kva plass har folkemusikk i musikkundervisninga til to musikk lærarar på barneskulen?*

### 5.1 Faget sin verdi

Som ein kan sjå i utdraga ovanfor har dei to lærarane eit nokså likt syn på kva verdi musikkfaget har i skulen. Både to seier at dei kjenner på ei nedprioritering av musikkfaget frå skuleleiarar og –eigarar. Det er fleire som er einige i at musikkfaget, og andre estetiske fag i skulen, har låg status (Bergroth-Plur, 2013; Varkøy, 2015). Sidan norske skular byrja å delta i den internasjonale skuleundersøkinga PISA, nasjonale prøvar vart innført og Kunnskapsløftet kom som ny læreplan på byrjinga av 2000-talet, har mykje av fokuset i skulen vore på i kva grad dei sette måla vert nådd (Imsen, 2016). Musikk, og andre estetiske fag, dreier seg om å utfalda seg, om å læra seg dugleikar og byggja identitet. Ting som det ikkje er like lett å måla i stor, eller liten grad av måloppnåing, som andre, meir teoretiske fag, er. Om ein klasse vert rangert dårlegare enn same trinn på naboskulen på nasjonale prøvar, er det lærarane som vert stempla som ”dårlege”. Ein kan difor forstå at dei bruker mykje tid på å øva på lesing, rekning og skriving for å oppnå gode resultat. For det er ingen som har lyst til å vera den ”dårlege” læraren eller skulen. At musikkfaget vert lite verdset, eller får lite plass i dagens skule, slik som Anita og Katarina seier, er ikkje vanskeleg å sjå att.

Det kan sjå ut som om musikkfaget får mindre og mindre plass i skulen i dag, men det manglar ikkje på argumentasjon for kvifor det er ein viktig del av grunnskulen (Varkøy, 2015; Hanken og Johansen, 2013; Utdanningsdirektoratet, 2016). Ein kan sjå på utsegna til både lærarane at dei tykkjer det er dumt at musikken vert nedprioritert, og at dei tykkjer det er eit viktig fag med tanke på musikkglede, meistring, tradisjonsformidling og formidling av kulturarva vår. Her kan me sjå at dei grunngeiv arbeid med faga ut i frå at det vil vera nyttig for noko anna, noko utanfor musikken. Men dei verdset òg det å oppleva musikkglede, altså musikken i seg sjølv. Varkøy (2015) legitimerer arbeid med musikk både ut i frå den instrumentelle nytta til faget, og ut i frå musikalsk oppleving og læring. Hanken og Johansen (2013) presenterer tre kategoriar ein kan legitimera musikkarbeidet ut i frå; kulturarv, individ og samfunn. Ein kan altso sjå at Anita og Katarina ser viktigheita av arbeid med musikk ut i

frå mange av dei same punkta. Det kan verka som det ikkje er mangel på gode argument for å driva med musikkundervising i skulen, men at det heller er tid og midlar tildelt arbeidet det skortar på.

## 5.2 Musikk i undervisinga

Som nemnt tidlegare seier Thorolf Krüger (1998, som referert i Sætre & Salvesen, 2016) at ulike syn på musikk, menneske og samfunn kan vera med på å gjera undervisinga til lærarane ulik. Både lærarane seier at dei tykkjer formidling av kulturarv og songtradisjonar er eit viktig føremål med musikkfaget i skulen. Då kan ein tenkja seg at lytting vil vera ein vesentleg del av musikkundervisinga deira, og at dei vil vektleggja opplevinga av musikken (jf. Krüger, 1998, som referert i Sætre & Salvesen, 2016). Sjølv om Krüger sitt studie viser til at lærarar som vektlegg formidling av kulturarv ofte brukar lytting som ein vesentleg del av undervisinga si, kan ein ikkje seia at det er sikkert at det gjeld lærarane som har vore med i denne undersøkinga. For å kunna kommentera det aspektet, måtte ein ha observert den faktiske undervisinga til lærarane over tid. Men ein kan gå ut i frå at det vil vera ein del av undervisinga deira, ut i frå Krüger sine utsegner. Om lærarane vektlelegg denne sida av musikken i undervisinga si, kan ein sjå føre seg at det vil førekoma diskusjonar kring korleis musikken har påverka tidlegare samfunn – og korleis den kan påverka notida og framtida. Altso at ein ser samfunn og musikk i ein nær samanheng.

Å bruka musikk som ein del av samlingsstunder og ulike høgtider og avslutningar som finn stad i løpet av eit skuleår, var noko både lærarane sa at dei brukte mykje av musikkundervisinga si på. Når ein planlegg musikk til eit fastsett føremål, ei samlingsstund, joleavslutning, 17. mai eller liknande, ser ein føre seg at det er samspelet med heile klassen som står i fokus. Då skal alle vera med på å presentera musikk dei har skapt saman. Ein kan sjå føre seg at det er nettopp det å skapa noko saman i eit fellesskap, og fokusera på samspel og samarbeid som vert vektlagd. Her kan ein tenkja seg at det viktige for lærarane ikkje er at klassen skal framføra ”god musikk”, men at elevane skal oppleva meistring og at dei føler det er relevant for det dei har øvd mot. Altso kan ein seia at musikken vert verdsett ut i frå ein musikkantropologisk ståstad (Krüger 1998, som referert i Sætre og Salvesen, 2016). Her kan ein sjå at både lærarar nyttar fleire innfallsvinklar til musikk i si undervising.



Ein anna interessant ting å sjå når lærarane snakkar om undervisinga si er at det kan verka som dei begge er litt usikre på seg sjølv og si eiga musisering. Anita viser til at musikkskulen kjem med både kompetanse og instrument til musiseringsbiten, medan Katarina seier at ho ikkje underviser på mellomtrinnet fordi ho tykkjer at ho ikkje har god nok musikalsk kompetanse til å gje ei god undervising til elevane der. Dette kan me sjå i samanheng med studiet til Sætre, Ophus og Neby (2016) der dei seier at musikk lærar på barneskulen ofte har lite tiltru til eigen kompetanse på meir avanserte delar av musikkundervisinga, som for eksempel å meistra spel av instrument. Det same studiet seier òg at musikk lærar på barnetrinnet ofte har mindre enn 60 stp. i musikkfaget, som kan vera ein indikasjon på at dei identifiserer seg meir som ein allmennlærer enn ein musikal. Det kan vera ei årsak til at dei ikkje stoler på sine egne dugleikar som musikk lærar i alle delar av musikkfaget. At dei kjenner seg uttrygge i si rolle som musikk lærar, eller at dei har govt ansvaret til aktørar utanfor skulen, kan òg vera ein grunn til at musikkfaget får lite merksemd i deira undervising.

### 5.3 Folkemusikk i undervisinga

Over kan ein sjå at både Anita og Katarina ser på folkemusikk som viktig i skulen fordi det har ein plass når det gjeld å formidla, og ivareta vår felles kulturarv. Her kan ein sjå at det føyer seg saman med det Ragnhild Knudsen seier om at kjennskap til norsk folkemusikk nettopp er viktig fordi det er ei kjelde til historie, kultur og tradisjonar (Sætre & Salvesen, 2016). Ein kan altso sjå at det å jobba med folkemusikk i skulen vert sett på som viktig av både lærarar og teoretikarar. Å jobba med folkemusikk i skulen vil ikkje berre vera med på å gje elevane innsikt i tradisjonell musikk og dans, det kan òg vera med på å ivareta dei unike innlæringsmetodane som framleis vert nytta i det aktive folkemusikk- og folkedansmiljøet den dag i dag. Og desse tradisjonane, både musikken og metodane, vil vera viktige å ivareta fordi at det er dei som er unike for oss, og vår eiga musikkhistorie, som gjer vår kultur til vår eigen. Eg trur at kjennskap til våre egne tradisjonar og vår eiga historie, vil vera positivt i møte med andre menneske og andre kulturar (jf. Ruud, som referert i Varkøy, 2015).

Sjølv om både Knudsen og dei to lærarane seier at folkemusikk har ein viktig plass i skulen, ser me at det ikkje vert undervist i emnet – iallfall ikkje av dei to lærarane som er med i denne undersøkinga. Det er ein tendens som både Knudsen (som referert i Sætre & Salvesen, 2016) og Mygland (2018) peikar på. Dei snakkar båd om at folkemusikken kan verka utilgjengeleg for dei som ikkje ser på musikken som ”sin eigen”. Mygland problematiserer òg at den norske

folkemusikken er vorten ein slags ”elitemusikk” som berre dei dyktigaste kan halda på med. Gjennom refleksjonsnotata kan det verka som om Anita og Katarina ikkje underviser i folkemusikk i det heile, sjølv om dei seier at det er ein viktig del av vår kulturarv. Årsaka til at dei ikkje gjer det seier dei ikkje noko om, men ein kan anta at det er av dei same årsakene som Knudsen og Mygland skildrar. Ut i frå refleksjonsnotata, og teoriar, kan det verka som at folkemusikk vert lite brukt i skulen i dag. Om dette er realiteten, har me ein jobb å gjera. Eg trur òg, som Knudsen og Mygland, at mykje av grunnen til at lærarar vel å ikkje inkludera folkemusikk i undervisinga si er fordi dei kjenner på at det ikkje er deira musikk. Men det skal ikkje so mykje til å få litt kjennskap til folkemusikken. Alle dei ulike folkemusikklaga rundt om kring i landet sit på mykje kunnskap og informasjon, og eg trur dei gladleg hadde teke eit dansekurs, eller lært vekk nokre stev, til lærarane – eller direkte til elevane. Det er so mange rundt om kring i landet som sit på so utruleg mykje kunnskap, som gjer denne musikken levande og som gjerne lærer den i frå seg. Eit par stev eller nokre dansar ein kan læra vekk er ein god start. So har me jo uendelege mengder innspelingar ein kan høyra på og samtala om, som ogso kan vera ei dør inn til folkemusikken. Om me vil at folkemusikken skal ha ein plass i den norske kulturen, kan me ikkje gøyma den vekk frå skulen.

## 6.0 SAMANFATTING

I denne oppgåva har eg sett på to musikk lærarar sine tankar om musikk og folkemusikk i skulen. Eg har forsøkt å sjå på kva verdi musikkfaget generelt kan ha i skulen i dag, kva som ligg til grunne for ulike praksisar og kva verdi folkemusikken har oppi det heile. Dette har eg gjort i lys av problemstillinga; *kva plass har folkemusikk i musikkundervisinga til to musikk lærarar på barneskulen?* For å samla inn empiri til denne oppgåva fekk eg to musikk lærarar til å svara på nokre spørsmål som tok form som eit semikvalitativt-refleksjonsnotat. Vidare vil eg no dra ein konklusjon ut i frå den teorien eg har nytta, dei dataa eg har funne og analysert, og drøftinga eg har gjort.

Eg byrja med å sjå på kva plass musikkfaget har i skulen i dag. Og fann, kanskje ikkje so veldig overraskande, ut at det er eit fag som ein ser vert nedprioritert. Ein kan sjå at det vert nedprioritert fordi det ikkje går an å sjå mål oppnåing i faget i like stor grad som andre fag, det at det vert sett på som eit ”avbrekksfag” kan òg vera med å bidra til at det får status som mindre relevant. Dette kan ein sjå både av teoretikarar og opplevinga til lærarar. Deretter kan ein sjå at musikkundervisinga varierer frå lærar til lærar, og at den baserer seg på kva syn

læraren har på musikk, menneske og samfunn, men også kor stor sjølvtiltru læraren har til seg sjølv og sine musikalske evner. I barneskulen kan ein finna at den ofte ikkje er so høg, iallfall ikkje om ein snakkar om dei litt meir avanserte musikalske dugleikane som å kunna eit instrument, gehør, musikkteori osv. So kvar passar folkemusikken inn i dette faget, som iallfall på barneskulen opplever ei nedprioritering, og er prega av mange lærarar som har mykje glede til faget, men som ikkje har so stor tiltru til seg sjølv og sine egne dugleikar? I fylgje mine undersøkingar av empiri og teori viser det seg at folkemusikk i realiteten får liten, eller inga plass i undervisinga til musikk lærarane. Dette til tross for at formidling av kulturarv og levande tradisjonar, kjennskap til historie og utvikling av identitet, som person og samfunn, er gode grunnar til å jobba med folkemusikken i skulen.

Denne oppgåva er for liten i omfang til å kunna generalisera funna mine i noko grad, for å gjera det må ein forska meir og i større grad. Kanskje var eg berre ”uheldig” med mine to informantar, kanskje ville svara eg sit att med ha vore annleis med nokre andre informantar eller ved bruk av ein anna metode. Alle musikk lærarar er ulike, og vil naturleg nok fokusera på ulike ting. Likevel er det interessant å sjå at dei funna eg har, delvis samsvarar med teorien. Om ein skulle ha gjort ei større undersøking kunne det ha vore interessant å sjå på ein større variasjon av klassetrinn og lærarar. Ein kunne ha samanlikna stader der folkemusikkmiljøa har godt fotfeste mot dei stadene folkemusikken er meir fråverande, og ein kunne i større grad ha sett på kva årsakene til at ein ikkje underviser i folkemusikk er. Folkemusikk som eit akademisk fag er veldig ungt, og difor finst det lite forskning på det. Men eg trur at det ligg mykje urørt potensial i sjå på kva rolle folkemusikken kan ha i skulen, og kva rolle skulen kan i formidlinga av folkemusikken – vår nasjonalkultur. Eit viktig aspekt er iallfall at om me vil at folkemusikk skal ha ein plass i skulen, som formidlar av kulturarv og som levande musikk sjanger, ja so må me visa den fram i skulen. Borna må få lytta til den, leika seg med den, synga og dansa den. For på den måten kan dei gjera den til sin eigen. Og då vil kanskje ikkje musikken lengre vera eliten sin, men folket sin.

## KJELDER:

- Bergroth-Plur, Ulrikka (2013, 2. juni). Vikarposten: De estetiske fagene – en skjult gavepakke? Henta frå <https://laererraad.wordpress.com/2013/06/02/vikarposten-de-estetiske-fagene-en-skjult-gavepakke/#more-2525>
- Christoffersen, L. og Johannessen, A (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt forlag
- Hanken, I. M. & Johansen, G. (2013). *Musikkundervisningens didaktikk* (2. utg.). Oslo: Cappelen Damm
- Mygland, K. O. (2018, 3. mai). Folkedans i skolen. Henta frå <https://www.folkemusikk.no/folkedans-i-skolen/>
- Sætre, J. H., Ophus, T. og Neby, T. B. (2016, 11. oktober). Musikkfaget i norsk grunnskole: Lærerers kompetanse og valg av undervisningsinnhold. Henta frå <https://utdanningsforskning.no/artikler/musikkfaget-i-norsk-grunnskole-lareres-kompetanse-og-valg-av-undervisningsinnhold-i-musikk/>
- Sætre, J. H. og Salvesen, G. (2016). *Allmenn musikkundervisning – perspektiver på praksis*. Oslo: Gyldendal Akademisk
- Tjora, Aksel (2018). *Viten skapt: kvalitativ analyse og teoriutvikling*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk
- Utdanningsdirektoratet (2016): *Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Grunnskolen*. Oslo, Pedlex AS
- Varkøy, Øivind (2015). *Hvorfor musikk? En musikkpedagogisk idéhistorie* (3. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk

## VEDLEGG 1 – SPØRSMÅL TIL REFLEKSJONSNOTATET

1. Kva er din musikalske bakgrunn?
2. Kvifor underviser du i musikk?
3. Kva verdi tykkjer du musikkfaget har i dagens skule?
4. Korleis planlegg du musikkundervisinga di, på års-, månads- og vekesbasis?
5. Korleis nyttar du lokale- og nasjonale læreplanar i musikkundervisinga di?
6. Kva tykkjer du er viktig med tanke på tilpassa opplæring i musikkfaget?
7. Korleis vil du definera folkemusikk?
8. Kva verdi tykkjer du folkemusikk har i dagens skule?
9. Nyttar du nokre hjelpemiddel i musikkundervisinga di? I so tilfelle kva for nokre og kvifor?
10. Kva tykkjer du er det viktigaste formålet med musikk som fag i grunnskulen?
11. Har du nytta nokre undervisningsopplegg som tek for seg folkemusikk? Dersom ja, korleis la du opp økta?

## VEDLEGG 2 – REFLEKSJONSNOTATA TIL LÆRARANE

Anita

### **1. Kva er din musikalske bakgrunn?**

Jeg har spilt i korps siden jeg var 7 år der jeg spilte tverrfløyte og piccolo. Jeg var også lærer ved musikkskolen med to elver på tverrfløyte mens jeg gikk på ungdomsskolen. Jeg har sunget i kor i ca 10 år, og jeg har en årsenhet i musikk ved lærerskolen

### **2. Kvifor underviser du i musikk?**

Jeg liker å undervise i musikk fordi her får du se helt andre sider av elevene dine. Her kan elever som ellers sliter blomstre fordi praktisk estetiske fag passer dem bedre.

### **3. Kva verdi tykkjer du musikkfaget har i dagens skule?**

I min tid på skolen har musikken dessverre fått mindre innpass i skolehverdagen. Musikkromma som før bugna av rytmeinstrumenter, gitarer osv er mer eller mindre borte her, og det blir satsa mindre internt på faget. Vi har på to trinn innleid fra musikkskolen kompetanse. Jeg synes at dette er ei trist utvikling fordi klassen mister mye av den musikalse gleda i hverdagen

### **4. Korleis planlegg du musikkundervisinga di, på års-, månads- og vekesbasis?**

Musikktimene våre er ikke timeplanfesta, men vi prøver å ha små økter fleire ganger. Vi jobber litt meir i bolker tilknytta samlingsstunder, og de planlegger vi ut fra temaene som samlingsstundene har

### **5. Korleis nyttar du lokale- og nasjonale læreplanar i musikkundervisinga di?**

Vi bruker de nasjonale læreplanene, og vi har jo et samarbeid med musikkskolen som er med å bidrar til musiseringsbiten med sin kunnskap og sine instrumenter tilgjengelig

### **6. Kva tykkjer du er viktig med tanke på tilpassa opplæring i musikkfaget?**

Tilpassing i musikkfaget er for min del og respektere valg av instrument, solo-ikke solo og det å la elevene få roller de tør å stå i

**7. Korleis vil du definera folkemusikk?**

Folkemusikk er tradisjons musikk, ofte med trekkspill eller strykeinstrument

**8. Kva verdi tykkjer du folkemusikk har i dagens skule?**

Folkemusikk er en del av kulturarven vår så den er viktig å ta vare på, men den har ikke veldig stor verdi i skolen. Brukes mest til lytting og til å lære tradisjonelle danser

**9. Nyttar du nokre hjelpemiddel i musikkundervisninga di? I so tilfelle kva for nokre og kvifor?**

Jeg bruker KorArti` mye fordi jeg ikkje spiller et instrument som egner seg for sanginnlæring

**10. Kva tykkjer du er det viktigaste formålet med musikk som fag i grunnskulen?**

Kulturformidling og musikkglede

**11. Har du nytta nokre undervisningsopplegg som tek for seg folkemusikk? Dersom ja, korleis la du opp økta?**

Nei, jeg har ikke brukt noen.

[Katarina](#)

**1. Kva er din musikalske bakgrunn?**

Spilte kornett to år i skolekorps. Har deltatt i kor i mange år. Barnegospel, ten-sing, damekor. 30 studiepoeng i musikk fra lærerskolen.

**2. Kvifor underviser du i musikk?**

Jeg underviser ikke i musikk i år, men pleier stort sett å ha musikkundervisninga når jeg har klasser på småtrinnet. Jeg synes musikk er et fint fag å undervise de yngste i. Vi bruker musikk mye ellers i undervisninga i de andre faga på småtrinnet. Når elevene kommer på mellomtrinnet føler jeg at jeg ikke har god nok faglig musikk-kompetanse til å gi elevene god nok undervisning i faget.

**3. Kva verdi tykkjer du musikkfaget har i dagens skule?**

De siste åra føler jeg at musikkfaget har blitt nedprioritert i skolen. Dette på lik linje med de andre praktisk- estetiske faga.

**4. Korleis planlegg du musikkundervisinga di, på års-, månads- og vekesbasis?**

Vi har en årsplan som er utgangspunkt for musikkundervisinga. På de ulike trinna har vi også ulike oppgåver som krever musikalske innslag i løpet av året, som samlingsstund, musikkspill, BliMed dans, 17. mai underholdning, jule- og sommer-avslutning m.m. De ulike oppgåvene styrer en del av månedsplanlegginga.

**5. Korleis nyttar du lokale- og nasjonale læreplanar i musikkundervisinga di?**

Årsplanen er laga med utgangspunkt i de ulike læreplanene, og kompetansemåla i læreplanen danner utgangspunktet for det vi arbeider med i faget. Vi har også ein del lokale musikkspill som vi selvfølgelig har lagt inn i undervisinga.

**6. Kva tykkjer du er viktig med tanke på tilpassa opplæring i musikkfaget?**

Det er viktig å trygge elever som ikkee føler at de har noe å bidra med i musikk. Det er viktig at man tilpasser opplegget slik at man inkluderer alle elevene. At alle bidrar på en eller annen måte i f.eks. ei forestilling. Det er også viktig at man varierer musikkundervisinga slik at man i større grad klarer å treffe fleire elever og skaper mestring hos den enkelte i forhold til faget.

**7. Korleis vil du definera folkemusikk?**

Folkemusikk er norsk tradisjonsmusikk og dans. Mye av det har ukjent komponist og har gått i «arv» i generasjoner. Folkemusikk har også lokale variasjoner.

**8. Kva verdi tykkjer du folkemusikk har i dagens skule?**

Kanskje har folkemusikken tapt litt terreng i forhold til de mer «moderne « sjangerne. Vi som underviser i musikk kan nok bli flinkdre til å framheve folkemusikken og la elevene bli kjent med den norske musikktradisjonen.



**9. Nyttar du nokre hjelpemiddel i musikkundervisinga di? I so tilfelle kva for nokre og kvifor?**

Kor Arti, musikk i skolen,( når man ikke er så stødig på piano/gitar er det greit å ha dette ) ukulele ( det instrumentet elevene skal lære seg å spille) gitar ( som akkompagnement til de sangene jeg kan spille på gitar) trommer og andre rytmeinstrument( noe som elevene setter veldig pris på å få bruke )

**10. Kva tykkjer du er det viktigaste formålet med musikk som fag i grunnskulen?**

Man blir glad av musikk. Det å kunne gi elever musikkglede. Kunne synge, bevege seg til musikk og oppleve at de mestrer det. Vi har også et ansvar for å videreføre gamle sangtradisjoner til elevene. Det er jo en del av vår kulturarv.

**11. Har du nytta nokre undervisningsopplegg som tek for seg folkemusikk? Dersom ja, korleis la du opp økta?**

